



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 06.09.2016  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 09:30 - 12:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild sak 050/16. Ikkje vara
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Ugild sak 050/16. Vara vart innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Roger Wilhelm Fure	SA	Varamedlem	Møtte som vara sak 050/16.

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Deltok under sak 050/16
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
044/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2016	Godkjenning av møtebok
046/2016	Referatsaker
047/2016	Orienteringssaker
048/2016	Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"
049/2016	Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer
050/2016	Drøfting: Områdeplan Otterstad - Trohaug

### Notat frå møtet:

Møtet vart halde etter møte i Næringsfondstyret

Føresetnader og prosess for budsjett/økonomiplan vart ikkje drøfta som varsla i innkallinga, men rådmannen orienterte om at einingsleiarane er invitert til å gje ei orientering om sine ansvarsområde i kommunestyremøte den 22.09.

044/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

045/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

046/2016: Referatsaker

Behandling:  
Ordførar og rådmann orienterte om utsendte referatsaker.

Samrøystes

Vedtak:  
Referatsaker vert tekne til orientering.

---

047/2016: Orienteringssaker

Behandling:  
**Modalstunet**  
Ordførar orienterte kort om inngått avtale med Vaksdal kommune vedkomande avvikling av felles eigarskap og drift av Modalstunet.

### **Innsamling av landbruksplast**

Saka var drøfta i eit tidlegare møte og Kjetil Eikefet orienterte om at han hadde hatt kontakt med NGIR om saka. Han opplyste om kva erfaring NGIR hadde hatt frå eit pilotprosjekt for slik innsamling.

#### Oppfølging:

Rådmannen føl opp saka gjennom landbrukskontoret i samarbeid med bondelaget i Modalen.

### **Nordhordlandspakken - tiltak i Modalen**

Ordførar orienterte om kva som er tenkt i høve å melde inn tiltak på strekninga Mo - Romarheim

#### Oppfølging:

Ordførar føl opp saka og melder inn framlegg til vegkontoret.

### **Vidaregåande skuletilbod i Nordhordland**

Ordførar orienterte om pågåande drøfting om endring av vidaregåande skuletilbod og kva oppfølging som vert gjort i Nordhordlandsregionen.

### **Flyktingar**

Rådmannen orienterte kort om saka. Ein familie på fire er kome til Modalen og ein familie med fire nye vil kome i løpet av siste del av september.

Samrøystes

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

048/2016: Ny organisering av Reiselivsnæringa i Nordhordland - medlemskap i nye "Region Bergen Reiseliv"

Behandling:

Rådmannen orienterte om saka. Formannskapet drøfta kva det ville bety å ta del i fellesprosjektet.

Samrøystes

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å organisera reiselivet i regionen ved å inngå ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy) representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

2. Kommunestyret vedtek å gje årleg tilskot til Region Bergen Reiseliv i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget, med ein grunnsum på kr 20 000,- pr. år og i tillegg kr 14 pr.

innbyggjar i 2017 og justert i samsvar med prisindeksen dei komande åra.

3. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for kommunane før endeleg signering.

4. Denne avtalen gjeld frå 01.01.2017. Avtalen kan ikkje seiast opp i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2019 utan at vesentlege føresetnader i denne avtalen vert brotne. Etter dette er det eit års oppseiingstid. Oppseiinga må skje seinast 31.12 året før.

5. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføre og styrke samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapportar årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.

6. Kommunane i Region Nordhordland og kommunane Fjell, Sund og Øygarden får ein representant i styret i Region Bergen Reiseliv.

---

049/2016: Selskapsavtale for IKA Hordaland - endringer

Behandling:

Rådmannen orienterte kort

Samrøystes

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande fra 1.1.2017.

---

050/2016: Drøfting: Områdeplan Otterstad - Trohaug

Behandling:

**Habilitet:**

Linda Neset og ektemannen er grunneigarar på Otterstad . Kjetil Eikefet er svoger. Formannskapet vedtok at dei vil vere ugilde i førebuing og handsaming av denne saka. Fvl § 6 a og b.

Ann Jorunn Farestveit er leiar av Modalen bondelag. Hennar habilitet vart vurdert, men kjend habil.

Det vart vidare gjort ei vurdering av varamenn som er aktuelle å kalle inn i det vidare arbeidet. Formannskapet finn at Stian Steinsland (vara for Linda Neset) og Liv Anne Aanesen (vara for Kjetil Eikefet) vil vere gilde til å delta.

I møtet vart Roger Fure kalla inn på kort varsel til å delta - vara for Kjetil Eikefet.  
Det var fire medlemmer til stades under drøfting av denne saka.

**Drøfting i møtet:**

Rådmannen orienterte i møtet om sine råd til å få avklart viktige politiske premissar i startfasen av planarbeidet slik at vi kan få gjennomført eit planarbeid med god framdrift og på ein kosteffektiv måte ved kjøp av konsulent-tenester.

Formannskapet drøfta ulike vegval og samla seg til sist om følgjande konklusjon:

Formannskapet vert sett ned som styringsgruppe for planarbeidet.

Med grunnlag i avklart habilitetsvurdreing deltek følgjande i styringsruppa.

Ordførar Tom Kristian Thorsen

Varordførar Kristin Nåmdal

Ann Jorun Farestveit

Frank Stian Steinsland

Liv Anne Aanesen

Formannskapet ber rådmannen leggje fram ei sak vedkomande oppstart av planarbeidet til første møte i kommunestyret slik at vidare arbeid vert godt forankra der.

Formannskapet rår til at det vert utarbeida ein mulighetstudie for området i Trohauggruppa, som ein første fase i planlegginga. Konklusjonar frå ein slik mulighetstudie vert så å nytta for å stake ut kursen i den vidare planprosessen.

**Vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen leggje fram ei sak i første kommunestyre der formannskapet si drøfting av saka vert lagt til grunn for den vidare planprosessen.

---